



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO  
Att. Anne Gunvor Berthling

U.off:

Vår ref  
2021/5079-17

Sakshandsamar:  
Gry Åsne Aksvik

Arkiv  
SAK7

Dato:  
21.09.2022

## Svar på brev av 14.09.2022

Syner til svarbrev frå dykk dagsett 14.09.2022, og vår klage av 06.09.2022 og vår etterlysing av svar på klage og oppfølging av tilsyn dagsett 13.09.2022.


Manøvreringsreglementet post 2 i kgl.res. 13. februar 2015 seier:

«Fra 1. mai skal alt tilløp, bortsett fra **nødvendig** tapping for å holde pålagt minstevannføring i Måna, nyttas til å fylle opp magasinet til kote 914, En vannmengde tilsvarende gjenværende magasin i Møsvatn pr. 1. mai kan likevel tappes i fyllingsperioden. Etter oppfylling til kote 914 må magasinet ikke tappes under denne kote før 1. desember.

NVE kan dispensere fra tappebegrensingene dersom det ansees nødvendig i en anstrengt kraftsituasjon.»

Fyllesesongen startar 1. mai, og fylling av Møsvatn skjer frå vårmeltinga og nedbør. Snomengda og vertilhøva avgjer kor fort og kor mykje Møsvatn blir fylt opp. Vinteren 2021/2022 var det mindre snomengder enn normalt – det var også tilfelle vinteren 2020/2021. I år førte det til at vasstanden ikkje nådde kote 914 før 5. august.

Møsvatn er eit av fleire reguleringsmagasin i øvre del av Skiensvassdraget (figur under). Frå Møsvatn nyttast vatnet gjennom fem kraftverk, før det når Tinnsjøen. Vatnet frå Mår-magasinet leiest gjennom Stegaros kraftverk før Kalhovd-magasinet. Etter det kan ein anten leie vatnet via vassveggar ned til Mår kraftverk eller via dammen ned det gamle elveleiet. Frå Mår kraftverk går vatnet via Moflåt kraftverk, før det endar ut i Tinnsjøen.



Figuren syner dei tre reguleringsmagasina og seks tilhøyrande kraftverk (innringa) oppstrøms Tinnsjøen ([www.nve.no/atlas](http://www.nve.no/atlas)). Kraftverk merka med raud ring nyttar vatn frå Møsvatn. Kraftverk med stipla ring nyttar vatn frå Mår/Kalhovd, og kraftverk merka med svart ring nyttar vatn både frå Mår/Kalhovd- og Møsvatn –strengen.

01.09.2022 fekk Vinje kommune varsel frå ØTB om brot på manøvreringsreglementet for Møsvatn.

Med verknad frå 21. februar 2003 kom kravet om internkontrollsystem for vassdragsanlegg som er konsesjonspliktige etter vassdragslovgjevinga i kraft. Denne blei revidert og ny versjon trådde i kraft 1. januar 2012. [Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivingen \(IK-vassdrag\) - Lovdata](#). Forskrifta skal sikre at det etablerast internkontroll og fremme kontinuerleg forbetningsarbeid, slik at krav fastsett i eller i medhald av vassdragslovgjevinga blir oppfylt.

IK-vassdrag § 5-8 seier at «Den ansvarlige skal utarbeide og gjennomføre rutiner og prosedyrer som sikrer at krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivingen knyttet til miljø og sikkerhet er oppfylt. Internkontroll innebærer at den ansvarlige skal utarbeide og gjennomføre rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge avvik.»

I vårt brev av 06.09.2022 syner me til at det ikkje er fyrste gongen ØTB opererer i strid med manøvreringsreglementet, sjå klager frå Vinje kommune frå 2020 og 2021. Desse klageneser diverre ikkje ut til å betre situasjonen. Vinje kommune bad difor NVE om å instruere ØTB om å stoppe, utan opphald, tapping av Møsvatn til fordel for vassføring ut av Tinnsjøen inntil fyllingsnivået i Møsvatn igjen er over kote 914, og halde nivået over denne kote til 01.12.21. Vinje kommune ynskjer også dokumentasjon på årsaka til at ØTB har valt å bryte manøvreringsreglementet og no tappar Møsvatn til eit lågare nivå enn løyvd.

I dykkar svar skriv de: «NVE har ikke adgang til å instruere ØTB til å stoppe tapping fra Møsvatn til fordel for vannføringen ut av Tinnsjøen slik situasjonen er nå.» Me er ikkje tilfreds med dette svaret. Av det me kjenner til kunne ein nytta vatnet i Mår for å dekke minstevassføringa lenger ned i vassdraget. Vatnet frå Mår kan sleppast gjennom Stegaros kraftverk, alternativt i elveløpet og over til Kalhovd. Frå Kalhovd kan vatnet leiast til Mår

kraftverk eller i elveløpet ned til Atrå og ut i Tinnsjøen. På folkemøte med ØTB, på Hovdenøya 8. september, blei ØTB v /Jostein Eggerud utfordra på dette. Me fekk ikkje noko tydeleg svar. No etterlyser me kva som er gjort i høve til ei konkret vurdering av dette. Kvifor blei ikkje vatn frå Mår nytta framfor vatnet i Møsvatn?

I dykkar brev av 14.09.2022 skriv de: «ØTB vurderte det slik at det ville gi minst ulemper for miljø og allmenheten å fravike magasinrestriksjonen i Møsvatn framfor å fravike kravet til minstevannsføring nedenfor Tinnsjøen. NVE har ikke tatt konkret stilling til ØTBs prioritering, men på generelt grunnlag er det NVEs erfaring at det ofte er viktigere å prioritere pålagte minstevannsføringer framfor magasinrestriksjoner i tilfeller hvor det må gjøres en avveining.» Her stiller me spørsmål kring det faktum, at det ikkje ser ut til at ein har vurdert å utnytte vatnet frå Mår, slik me skildrar over. Igjen ynskjer me ei forklaring på kvifor dette ikkje er gjort.

I same brev frå dykk skriv de også:

«NVE har fulgt opp klagen og vil om kort tid komme med en konklusjon i tilsynssaken». På kva grunnlag kan de koma med ein konklusjon om stutt tid, når me no er i sama situasjon som i 2021? Bør ikkje eit tilsyn føre til at ein førebygger at liknande skal skje?

Med helsing

Gry Åsne Aksvik  
plan- og økonomisjef

*Dokumentet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.*

Mottakarar av dette brevet:  
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)